

Årsmelding 2023

Fogn Grendalag

Styret

Styret hadde i 2023 følgjande medlemmer:

Ole Klingsheim

Ona Batutiene

Christoffer-Inge Hovda

Jon Olav Runestad

Liv Bottolfs

Trond Egil Sivertsen

Oddny Kjølvik

Leiar: Ole Klingsheim

Kasserar: Christoffer Inge Hovda

Valnemd

Valnemd hadde i 2023 følgjande medlemmer:

Heidi Bøe Sangedal, leiar

Tone Østebø,

Kristoffer Østhus

Rekneskap

Sjå oversikt i vedlegg.

Revisor for 2023 var Ottar Sandanger.

Aktivitetar

Båtruter - ferge og hurtigbåt

Arnstein Bø og Øyvind Sandanger har fulgt tett opp når det har vore påkrevd.

Turstinettet

Fått tildelt midlar frå SRBankstiftelsen for å betre stien frå kaien via Liane og opp til skule og butikk. Me har fått pengane på bok, stein til øya, og planen er å starte arbeidet våren 2024.

Dagsturhytta Ørnareiret

Det fungerer heilt supert med Driftsgjengen som ser etter hytta. Her har tomannslag 1 veke kvar der ein skal oppom og sjå etter at alt er på stell.

Me har ikkje fått etablert den formelle driftsavtalen med Stavanger kommun, men er i dialog og den vil komme ila dette året.

Ein del mindre ting er uteståande slik som instruks for vedlikehald, innkjøpsordning for forbruksmateriell, diverse plakater/informasjon - men alle driv likevel på "så godt me kan" - utruleg flott innsats og gjennomføring.

Kraftliner over Fogn

Grendalaget sitt innspel med krav om minst ein alternativ trasé over Fogn vart tatt med i det vidare arbeidet. Prosjektet har jobba med trasé og areal i andre område nærare Stavanger, Fogn vil komme seinare.

Øyfast

Øyvind Sandanger er i arbeidsgruppa.

Vandremiddag

Laurdag 22.april hadde med Vandremiddag på Fogn etter initiativ frå Lars Magne Grødem - både Fogn IL, Grendalaget, Helselaget, Kyrkja og Bedehuset var med som arrangørar. Svært vellukka og me vil gjenta i år.

Vedlegg - Rekneskap 2022